



Til

Radøy Kommune,
Radøyvegen 1690
N-5936 MANGER

Att.: Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Dykkar ref.:

Vår ref.:

15. desember 2016

Søknad om kommunalt tilskot for 2017 til Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

Norsk landbruksrådgiving Hordaland har tidlegare fått tilskot frå **Radøy Kommune**. I 2016 vart NLR Hordaland ein del av NLR Vest SA, som eit ledd i regionaliseringsprosessen i Norsk landbruksrådgiving. Regionaliseringa vil ikkje føre til nedlegging av kontor eller oppseiing av tilsette. Hovudkontoret i NLR Vest er på Sandane. Dagleg leiar Liv Lyngstad har kontor i Øystese. NLR Vest vil vidareføre den verksemda NLR Hordaland har hatt. I tillegg vil vi tilby byggfagleg rådgjeving og rådgjeving på helse, miljø og sikkerheit. Vi har fleire rådgjevarar med spisskompetanse på desse områda.

NLR Vest ynskjer å vidareføre samarbeidet med kommunane i Hordaland, og søker med dette om tilskot for 2017. Vi vonar kommunen har nytte av arbeidet landbruksrådgivinga utfører. Tilskota frå kommunane er viktig, og gjev oss moglegheit til informasjons- og utviklingsarbeid, som er vanskeleg å finansiere fullt ut med andre midlar. Vi er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste. Rådgjevarane våre, som har kontor fleire plassar i fylket, ynskjer å vere gode støttespelarar for kommunane og bøndene, både når det gjeld utvikling av landbruket og informasjon om tilskotsordningar, reglar, forskrifter og andre nyhende som gjeld landbruket.

Fagleg verksemd – utvikling av landbruksnæringa

Dei kommunale tilskota medverkar til at vi kan skaffe ny landbruksfagleg kunnskap lokalt i Hordaland. Vi har dei siste åra hatt fokus på optimal produksjon av gras og grovfôr, både på fagmøter og ved individuell rådgiving. Vi vil framover ta del i eit større landsdekkande prosjekt, Grovfôr 2020, som vil kome landbruket i Hordaland til gode. Vi har også fokus på klimasmart landbruk, og i Hordaland har vi vore langt framme med å utvikle verktøy for å kunne gje bonden råd om meir klima- og miljøvenleg drift.

Vi registrerer auka interesse for dyrking av bær, potet og grønsaker. I 2016 har vi hatt fleire fagmøte og kurs med fokus på desse produksjonane. Vi tilbyr også nye produsentar tett oppfølging gjennom heile vekstsesongen, med gardsbesøk og telefonrådgiving. I 2017 vil vi halde fram med arbeidet for å motivere til auka bær-, grønsak- og potetproduksjon i Hordaland. Vi ser at disse produksjonane på små bruk kan gje betre inntekt og lønsemd enn husdyrhald. Arbeidet vårt er støtta av Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Vi arrangerer også kurs i bedriftsutvikling og etablering i landbruket. Økonomirådgjevarane våre hjelper til med driftsplanar og søknader om tilskot til Innovasjon Norge. I 2017 vil vi tilby nye bønder ein startpakke, som skal hjelpe dei med gardsdrifta i startfasen.

Vi har også eit tilbod som vi kallar «Dynamisk strategi». Gjennom ei grundig vurdering av drifta på garden, gjev vi råd om korleis økonomien kan verte betre, enten ved å redusere kostnadene eller å auke inntektene.

Betre økonomisk resultat i landbruket og utvikling av næringa, gjev auka verdiskaping og sikrar arbeidsplassar på gardane, som igjen medverkar til inntekt i kommunen. NLR Vest ynskjer å vere ein

Kompetanse for framtida!



viktig støttespelar for bonden der nyskaping og utvikling skjer. Våre rådgjevarar har brei erfaring og godt nettverk, og kan foreslå løysingar eller peike på utfordringar som bonden sjølv ikkje ser. Den offentlege miljøforvaltninga har i det siste lagt vekt på landbruket si rolle for det biologisk mangfaldet og for å ta vare på kulturminne knytt til landbruksareal. Vi har spisskompetanse på kulturminne og biologisk mangfald og kan utarbeide skjøtselplanar for utvalde kulturlandskapsområde i samarbeid med grunneigar. Det gjeld både slåttemarkar, kystlynghei og kulturminne.

Hjelp til å imøtekomme offentlige krav

Det er mange som spør oss om regelverk, forskrifter og tilskotsordningar for landbruket. Vi legg vekt på at rådgjevarane skal vere oppdatert på endringar som skjer, slik at vi kan gje gode råd og svar. Vi ser det som ei viktig oppgåve å hjelpe bøndene å imøtekomme offentlege krav. Vi tek jordprøver og utarbeidar gjødselplanar, gjev svar som gjeld KSL og arrangerer autorisasjonskurs for kjøp og bruk av plantevernmidlar.

Informasjon frå oss.

Informasjon ut til bonden og landbruksnæringa er viktig. Gjennom heile året arrangerer vi informasjonsmøte, markdagar og kurs om nyhende og nye utfordringar for landbruket, ofte i samarbeid med kommunane eller fylkesmannen. Vi sender ut e-postmeldingar til medlemar og samarbeidspartnarar, og vil i tillegg sende ut medlemskriv i posten til dei som ikkje har e-post. Om de ikkje får rådgivingsmeldinga vår på e-post, send ei melding til vest@nlr.no. På nettsida vår <http://vest.nlr.no/> legg vi ut informasjon om verksemda og nyhende i landbruket. Vi har også eigen Facebook-side.

Anna

Vi yter tenester til alle, også til dei som ikkje er medlemar. Våre kurs, fagmøte og markdagar er opne for alle, og vår kompetanse kan kome alle bøndene til gode.

NLR får også tilskot gjennom jordbruksavtalen. Dette tilskotet er reelt sett meir enn halvert dei siste åra, og dei kommunale bidraga har stått fast på same kronebeløp. Reduksjon i tilskotskroner har vi klart å erstatte i hovudsak ved auka eigenbetaling, men også gjennom prosjektinntekter, oppdragsverksemd og meir effektiv drift.

Vi ynskjer eit godt samarbeid med kommunane i Hordaland og set pris på innspel frå kommunane når det gjeld aktivitetar vi kan samarbeide om. Vi kan også ta oppdrag for kommunane blant anna når de gjeld arbeid med kommuneplan, vassdirektiv, verdsetting av landbruksareal, vurdering av areal for landbruksproduksjon mm.

Vi takkar for tilskot som **Radøy Kommune**, tidlegare har gjeve til Landbruksrådgivinga. Vi håpar kommunen framleis vil yte stønad og vil med dette søke om tilskot for 2017 tilsvarande sum som tidlegare år.

Med venleg helsing for
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

Liv Lyngstad, dagleg leiar